



Arbeidstilsynet

VÅR DATO  
03.11.2014

DYKKAR DATO  
01.10.2014

VÅR SAKSHANDSAMAR  
Edvard Klette tlf 958 14 771

VÅR REFERANSE  
2014/90738 201542/2014

DYKKAR REFERANSE  
Bystøl AS,  
v/Nils Gunnar Finne

1

Hordaland Fylkeskommune  
Agnes Mowinckelsgate 5  
5020 BERGEN



## VEDTAK OM SAMTYKKE TIL OMSØKTE PLANAR PÅ VILKÅR OG VEDTAK OM GEBYR, JF. ARBEIDSMILJØLOVA § 18-9 (1)

**Vi viser til søknad frå Bystøl AS datert 01.10.14 om samtykke til planar for oppføring av verkstad- og garderobebygg og innreiring av produktlager i del av eksisterande kaldlager for landbruksreiskap på Voss Jordbruksskule i Skulestadmo i Voss kommune, gnr. 54, bnr. 5. Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1)**

Det omsøkte tiltaket er 2-delt, der det vert søkt om samtykke til planar for oppføring av eit bygg i eit hovud plan, med 2 mindre messaniner og ein mindre kjellar under del av bygget.

Del av hovudplanet skal m.a. innhalda verkstad for reparasjon og vedlikehald av landbruksmaskiner og ein mindre verkstad for skogbruksavdelinga.

Den andre delen i hovudplanet skal m.a. innhalda rom for reinhaldsutstyr, personalrom med garderober, vaskerom, toalett og tørkerom for tilsette innan naturbruk.

Messaniner skal nyttast til teknisk rom og til lager.

Kjellaren skal nyttast til tekniske installasjonar og til frostfritt lager for gartneri og landbruk.

Den andre delen av søknaden gjeld innreiring av produktlager under eksisterande parkeringsdekke.

Vidare viser vi til telefonsamtale med ansvarleg søkjar den 31.10.14 der vi bad om å få tilsendt fasade teikningar for omsøkt tiltak.

Vi mottok fasadeteikningar s.d.

Følgjande dokument er motteke:

- Søknad om samtykke med opplysningsskjema, ymse anna informasjon og dokumentasjon, aktuelle arbeidsmiljøfaktorar, fasade-, snitt- og planteikningar.

Vi beheld dokumenta.

### Arbeidstilsynet si vurdering

Det vert gjort greie for planane i høve til vilkår i arbeidsmiljølova med forskrifter.

### Vedtak om samtykke til planar for del 1, på vilkår

Med bakgrunn i opplysningar knytt til søknaden og med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 (1) gjev vi samtykke til oppføring av verkstad- og garderobebygg på følgjande vilkår, jf. arbeidsmiljølova § 18-6, sjette ledd.



000000174138



1.

Planar for ventilasjon med teikningar og dokumentasjon etter sjekklister i tinging nr. 444 «Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen» skal sendast til Arbeidstilsynet snarast mogleg og i god tid før arbeidet tek til.

Jf. arbeidsmiljølova §§ 4-4 (1) og 18-9.

2.

Køyreport skal sikrast mot fall og klemming. Motoriserte portar skal ha "daudmannskøyring", kontaktlist eller annan likeverdig sikring.

Klemkrafta skal ikkje overstige 150 N.

Jf. arbeidsmiljølova § 4-4 (1) og (3)

3.

Det skal alltid vera mogleg å opna mekanisk styrte portar og dørar manuelt.

Jf. §§ 2-9 og 2-21 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

Utgangspunktet for Arbeidstilsynet si vurdering er bygget/tiltaket si planløyning slik det er søkt om, ikkje nødvendigvis knytt til dagens bruk på søknadstidspunktet.

Tiltakshavar er ansvarleg for å etterkoma vilkåra i dette samtykket, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjettedde.

Samtykke vert gjeve på bakgrunn av opplysningar og planar som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykke er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen.

At vi gjev samtykke til planane betyr ikkje at Arbeidstilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er teke i vare. Det er tiltakshavar/arbeidsgjevar som har ansvaret for at lov og forskrift vert halde og at arbeidsmiljøet i arbeidslokala til ei kvar tid er tilfredsstillande.

Jf. § 1-3 i tinging nr. 702 "Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler".

### **Vedkomande del 2 i søknaden, «Innreiing av produktlager under parkeringsdekke».**

Vi ser på dette tiltaket som ferdigbehandla frå vår side då det ikkje er vesentlege nye opplysningar eller endra planar i høve til søknad datert 17.01.14.

Vi viser til vedtak om samtykke på vilkår datert 05.02.14, sak: 2014/57088.

### **Vedtak om innbetaling av gebyr**

I fylgje forskrift til arbeidsmiljølova om gebyr for byggesaksbehandling, jf. § 9-1 i tinging nr. 702 «Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler» og § 14-1 i tinging nr. 706 «Forskrift om administrative ordningar på arbeidsmiljølovens område» skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd.

Kor store gebyrsatsane vert, kjem an på kva type tiltak og storleiken på tiltaket.

For nærare informasjon om gebyrordninga sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).



Med bakgrunn i opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori **3c** og sett gebyret til kr. 11.250,-.

Gebyret for saksbehandlninga skal betalast av tiltakshavar. Faktura vert sendt i eiga sending. Dersom gebyret ikkje vert betalt av tiltakshavar innan betalingsfristen, vil vi tvangsinndrive gebyret med tillegg av kostnader.

Vi ber om at det vert vist til vår referanse 2014/90738 ved seinare kontakt eller korrespondanse i denne saka.

For ordens skuld vil vi opplysa om at kommunen ikkje har høve til å gje løyve til igangsetjing av tiltaket før Arbeidstilsynet har gjeve samtykke til planane, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

### Høve til å klaga

Partane kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet, jf. forvaltningslova § 28.

Fristen for å klage er tre veker frå dette brevet er motteke, jf. § 29. For nærare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å få sjå saksdokumenta, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

### For meir informasjon

De kan finne meir opplysningar om arbeidsmiljø og aktuelle reglar på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) eller vi kan kontaktast på telefon 815 48 222.

For Arbeidstilsynet Vestlandet

Marita Scott  
tilsynsleiar  
(sign.)

Edvard Klette  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Ansvarleg søkjar, Bystøl AS

Hovudverneombod Magne Knapstad, Voss

Jordbruksskule

Voss kommune, Kommunalteknisk avdeling for  
tekniske tenester/byggesak

6893 VIK I SOGN

5710 SKULESTADMO

Postboks 145 5701 VOSS



001000174142

Returadresse  
Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen  
7468 Trondheim

174

Hordaland Fylkeskommune  
Agnes Mowinckelsgate 5  
5020 BERGEN



000000174121

637599-1-3